



Vassverket i Eikedalen er truleg skada for over 200 000

Toreverket før helga påførte truleg vassverket skader for over 200 000 kroner. Førebels er det registrert skader for mellom 100 000 og 200 000 men ein antar at det kjem følgeskader i tillegg. For å registrere desse må deler av anlegget settast i drift att.

Styreleiar Hans Reidar Kjærland legg imidlertid til at skaden ikkje kjem til å gå utover vassabonentane. Vassverket har ein god dialog med forsikringsselskapet og reknar med at eit lynnedslag kjem inn under same kategori som brann. Rett nok vert det aktuelt med ein eigenandel, men den er heller låg.

Kor lang tid det vil ta før elektronikken er reparert er ikke klart, men inntil det skjer blir vassverket drifta manuelt. Fagfolk er innom og sjekkar 3-4 gongar dagleg. Nye komponentar er bestilt, men nokre av dei må ein truleg til utlandet for å få tak i.

Lynnedslaget har ført til ein stor ekstrabelastning for dei som har ansvar for bygdas private vassverk, og som før var hardt belasta med førebuing av nye prosjekt fleire stader .

Ellers er det ikkje berre vassverket som har fått gjennomgå på grunn av toreverket. Også telefon og gatelys vart ramma. Telefonmontøren som var i arbeid måndag måtte til dømes innom 7 stader berre i Uskedalen. Og i delar av Geilo er det framleis mørkt.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen